

Kva:	Møte nr. 04 23-25 i Hopp- og Kombinertkomiteen
Tidspunkt:	Måndag 19. februar 2024, kl. 20:30-22:15
Stad:	Digitalt via Microsoft Teams
Sakliste:	<i>REFERATSAKER</i> <i>Sak 22 23-25 Godkjenning av innkalling og sakliste</i> <i>Sak 23 23-25 Godkjenning av protokoll nr. 03 23-25 HKK</i> <i>DISKUSJONS- OG VEDTAKSSAKER</i> <i>SAK 24 23-25 Rekruttering – aktivitetsplan</i> <i>SAK 25 23-25 Saker til vårmøte 2024</i> <i>RAPPORTERINGSSAKER</i> <i>Sak 26 23-25 Rekneskapen 2023</i> <i>Sak 27 23-25 Revidert budsjett 2024</i> <i>EVENTUELT</i> <i>Sak 28 23-25 Saker til NSF Hopp vårmøte</i> <i>Sak 29 23-25 Terminlista 2023/2024</i>
Til stades:	Jon Ove Lomheim, Lars Brekke, Jan Inge Årdal, Johnny Seljeset, og Kennet Dvergedal (adm.)
Forfall:	Rune Rebni Pedersen
Referent:	Kennet Dvergedal

REFERATSAKER

Sak 22 23-25

Godkjenning av innkalling og sakliste

Bakgrunn

Innkalling og sakliste med vedlegg er utsendt på førehand.

VEDTAK

Hopp- og kombinertkomiteen godkjenner innkalling og sakliste.

Sak 23 23-25

Godkjenning av protokoll nr. 03 23-25 HKK

Bakgrunn

Protokoll frå møte nr. 03 23-25 i Hopp- og kombinertkomiteen er lagt ved som eige vedlegg. Protokollen er også godkjent elektronisk tidlegare.

VEDTAK

Hopp- og kombinertkomiteen godkjenner protokoll nr. 03 23-25.



DISKUSJONS- OG VEDTAKSSAKER

SAK 24 23-25

Rekruttering – aktivitetsplan

Bakgrunn

Leiar i HKK utarbeida rekrutteringsplan for hopp og kombinert i krinsen. Planen vart lagt fram i møtet.

I samband med rekrutteringsarbeidet til Sogn og Fjordane Skikrins er det oppretta eit rekrutteringsutval som jobbar tett med skiklubbutviklar.

Referat frå møte nr. 2 og nr 3. i rekrutteringsutvalet er vedlagt.

VEDTAK

Hopp- og kombinertkomiteen tek saka til orientering.

Vidare gjer hopp- og kombinertkomiteen vedtak om å søke prosjektmidlar til innkjøp av rekrutteringshoppski på vegne av aktuelle hoppgrupper i Skikrinsen. HKK leiar følgjer opp.

SAK 25 23-25

Saker til Vårmøte 2024

Bakgrunn

Skikrinsstyret har gjort vedtak om at Vårmøte 2024 skal avviklast digitalt måndag 15. april 2024.

Tentativt rammeprogram:

Kl. 18:00-18:50: Fellesdel

Kl. 19:00-21:00: Vårmøter i alpint, hopp/ kombinert, og langrenn

Ifbm. Vårmøte 2023 la ein til grunn følgjande sakliste:

- 1) Evaluering sesongen 2022-2023, og plan for samlingar/terminliste 2023-2024
- 2) Rekrutteringsarbeid i klubbane
- 3) Økonomi/ marked
- 4) Anlegg
 - Status
 - Behov og prioritering

VEDTAK

Hopp- og kombinertkomiteen gjer vedtak om følgjande sakliste:

- 1) Evaluering sesongen 2023-2024, og plan for samlingar/terminliste 2024-2025
- 2) Rekrutteringsarbeid i klubbane
- 3) Økonomi/ marked



- 4) Anlegg
- Status
 - Behov og prioritering

RAPPORTERINGSSAKER

Sak 26 23-25

Rekneskapen 2023

Bakgrunn

Rekneskapen for 2023 er vedlagt.

Nøkkeltal for hopp- og kombinertkomiteen:

- Driftsinntekter HKK: kr. 51 466,-
- Driftskostnader HKK: kr. -51 116,-
- Resultat: kr. -350,-

Eigenkapital HKK pr. 31.12.2023: kr. 104 667,-

VEDTAK

Hopp- og kombinertkomiteen godkjenner rekneskapen for 2023.

Sak 27 23-25

Revidert budsjett 2024

Bakgrunn

Revidert budsjett 2024 for hopp- og kombinertkomiteen er vedlagt.

VEDTAK

Hopp- og kombinertkomiteen tek saka til orientering.

EVENTUELT

SAK 28 23-25

Saker til NSF Hopp vårmøte

Bakgrunn

NSF sine fagmøter/ vårmøter avviklast i samband med Skitinget i Bodø 6. og 7. juni. Skitinget vert avvikla 8.-9. juni 2024.

Informasjon vert lagt ut på nettsidene til Skiforbundet:

<https://www.skiforbundet.no/norges-skiforbund/moter-og-samlinger/>

Innspel til sak til fagmøte NSF hopp:

- Opprette senior-/veteranklasse i samband med RC – klasse RC D

VEDTAK

Hopp- og kombinertkomiteen gjer vedtak om at HKK leiar følgjer opp.



SAK 29 23-25

Terminlista 2023/2024

Bakgrunn

Legge inn KM hopp og kombinert til Sogn Skisenter, med Hafslø IL som arrangør.

VEDTAK

Hopp- og kombinertkomiteen gjer vedtak om å tildele KM hopp og kombinert til hoppanlegget ved Sogn Skisenter. HKK leiar følgjer opp tidspunkt i samarbeid med Hafslø IL hoppgruppa. Det vert KM for klassane 13-16 år.

Neste møte i HKK: Min. 1 møte før vårmøte 15. april, HKK leiar følgjer opp.

Fagmøter NSF og Skitinget 2024 i Bodø: Fagmøter 6.-7. juni/ Skitinget 8.-9. juni.

Med venleg helsing
Sogn og Fjordane Skikrins

Jon Ove Lomheim (s)
Leiar HKK

Kennet Dvergedal (s)
Referent